Sirdal kommune

Sinnes skule

REFERAT FRÅ MØTE I FAU 30.09.26

Til stades: Åsne Lilledrange Fjeldsaa, Trine Tjørhom, Linda Elise Eikeland, Monika Anna Kus, Hilde Marie Almås, Marta Wilas, Anders Tjørhom, Hege Skjelbred Egeland og Åse-Berit Fidjeland

Møtte ikkje: Enok Wang (ikkje kalla inn), Ingvild Fagerheim Skadberg, Almut Becker, Kåre Todnem, Ole Tom Sinnes og André Karoliussen

Saksliste:

Kort om FAU og rådet sin funksjon v/rektor

Sjå vedlegg 1

Informasjon om saker skuleåret 2025/2026 og arbeid vidare v/John Ove Sinnes

FAU kom seint i gang, delvis pga. av at rektor var ein del sjukmeld, men dei hadde servering på juletrefesten og felles foreldremøte. Dei hadde planar om sosial aktivitet, og det blei kule-is frå Blåne, for leikedag blei litt for ambisiøst. Året før fekk elevane pølse.

Dei føreslo å laga konkurranse for å få eit fint Sinnes skule-skilt som møter dei som kjem sørfrå, med ein komité som godkjenner 3-4 forslag til røysting. Dei har òg snakka om å få til ei betalingsordning i helger og feriar, for det kan få midlar inn, men lurer på om det vil generera endå fleire bilar. I tillegg hadde dei oppe kva skulen kunne samhandla og samkøyra med Tonstad om for ein million i 2026. I budsjettet for 2026 står det at ein skal samhandla for to millionar dei neste tre åra (2027-2029).

Konstituering av FAU med val av leiar, nestleiar og sekretær

Leiar: Trine Tjørhom
Nestleiar: Monika Anna Kus
Sekretær: Hilde Marie Almås

Val av tre representantar til SU (og ingen til SMU pga. ny opplæringslov)

Her møter Trine Tjørhom, Monika Anna Kus og Hilde Marie Almås

Ulike planar

- Gjekk gjennom Forskrift om skulereglar for elevar ved grunnskulane, Sirdal kommune (via Lovdata)

  Me hadde ein lang diskusjon om situasjonen blant elevane på Sinnes skule om åtferd og språkbruk. Fleire foreldre meinte at det ikkje blei gjort nok frå skulen si side når det skjer uønska hendingar, både med tanke på språkbruk, slåssing og "kvelingsforsøk". Andre meinte at skulen ringde/ga beskjed om noko hadde skjedd, og at foreldre hadde ansvar for å ta opp med kvarandre om ungar kom heim og fortalde om noko som hadde skjedd. Skulen bør òg få beskjed.
- Plan for elevane sitt skulemiljø
- Brukarundersøkingar:
  a) Udir si **Elevundersøking** som er obligatorisk i 7. og 10. klasse kvart år
  b) Lokal trivselsundersøking så fort som mogleg. Denne vert gjennomført heime av barn og foreldre saman, og erfaringane er at ein får ein god dialog heime. Her vil ein gjerne ta med døme som *Roblox* og *Fortnite*.

Postadresse: Rådhuset, Tonstadveien 28, 4440 Tonstad
Besøksadresse: Sinnes skule, Sirdalsvegen 7352, 4443 Tjørhom
Telefon: 38 37 90 00
Telefaks: 38 37 03 30
Bank kto.: 28014608062
Internett: www.sirdal.kommune.no
E-post: post@sirdal.kommune.no
Org.nr.: 964964165

- Høyring på skuleruter 2027-2028 og 2028-2029 (kjem i SU)

Anna

1) **Busskur** – nokre er i bruk medan det manglar andre stader
   Fylkeskommunen: Har ansvaret viss busskuret står langs ein **fylkesveg**. Det er som regel fylkeskommunens kollektivselskap (for eksempel Ruter, Skyss, AtB, Kolumbus) som drifter selve holdeplassen. (AKT i Sirdal)
2) **Hovudlus** Det vart nett sendt ut informasjon om at det var oppdaga lus, og foreldra ynskjer at alle sjekkar for lus samstundes. I år er det rektor som ikkje har hugsa nasjonal kampanje i **veke 35** (etter sommarferien, vanlegvis siste helga i august) og **veke 10** (etter vinterferien) Informasjon om hovudlus

   Foreldra føreslår at skulehelsesjukesøster snakkar om dette i alle klassar. Åse-Berit tar kontakt.
3) **Foreldremøte 19.10.26**
   Psykologspesialt og psykoanalytikar Line Marie Warholm skal ha felles foreldremøte for barnehagar og skular i Lister, der ho er i Flekkefjord, og me arrangerer møtet streama på Tjørhom grendehus. Mellom- og ungdomstrinn kl. 17.30 og barnehage og småskuletrinn 19.30.

   FAU Sinnes har ansvar for det første møtet med kaffi og Twist.

Åse-Berit Fidjeland
Skrivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.